

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 17.04.2018

Jeanette Syversen (R) sette fram slikt forslag:

« Nytt pkt. 6 – Tillegg:

Hordaland fylkeskommune går inn for at nye og desentraliserte oppgåver frå staten til fylkeskommunane i hovudsak skal komme distrikta utanfor dei større byane (til dømes Bergen) til gode.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Jeanette Syversen sitt forslag fekk 1 røyst (R) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune støttar dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane. Nye oppgåver og auka regionalt ansvar er naudsynt for å styrke lokaldemokratiet og fylkeskommunane si rolle som samfunnsutviklar. Høyringssvaret frå Hordaland fylkeskommune er vedlagt
2. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til ekspertutvalet sitt forslag om at frie inntekter i hovudsak vert lagt til grunn for finansiering av fylkeskommunane. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at ansvarsoverføringane vert finansiert fullt ut ved at midlane staten brukar, vert overført fylkeskommunane i samband med ansvarsoverføringa.
3. Hordaland fylkeskommune føreset ei samla vurdering av ekspertutvalet sitt forslag i Stortinget, som ei eiga heilskapleg sak om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunane.
4. Hordaland fylkeskommune meiner Stortinget – i tillegg til å overføre statlege oppgåver til regionalt folkevalt nivå slik ekspertutvalet si innstilling føreslår – særleg må følgje opp at:
 - a) Det kjem snarlege avklaringar og vert ein ryddig og oversiktleg prosess knytt til overføring av sams vegadministrasjon til det regionale folkevalde nivået. Dette er også viktig for fylkeskommunane i eit arbeidsgjeverperspektiv.
 - b) Fylkeskommunane får delegert meir mynde i sakshandsaminga av akvakultursaker.
 - c) Den næringsorienterte delen av Fylkesmannen si verksemder i sin heilskap vert overført til fylkeskommunane.
5. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert utgreidd overføring av fleire oppgåver som ligg tett opp til oppgåvene som alt er føreslegne overførte, og oppgåver som krev samordning og elles er innanfor dei prinsipp ekspertutvalet har lagt til grunn. Forslag til fleire oppgåver er nemnt i det vedlagte høyringssvaret.